



NVE

KORLEIS KAN REDNINGSMANNSKAP BIDRA I SNØSKREDVARSLINGA

Registrering av enkle snøskredobservasjonar i RegObs

Jostein Aasen
November 2019

Kvifor vil me gjerne ha hjelp av redningsmannskap?

- Redningsmannskap. er ofte dei som får sett skred som har gått medan før dei snør ned igjen. Skredvarslinga vil gjerne ha info om skred for å få bekrefta eller korrigert varsla sine.
- Info om skred er viktig viss det skal lagast rapportar i ettertid.



Eit døme på observasjon frå medlem i røde kors hjelpekorps.

Salten / SØRFOLD

Antall: 2 snø observasjoner
Av: Jannicke@obskorps (***)
RegId: 188313
Høyde: 246 moh

Observert: 26. mars 2019 kl. 15:36
Registrert: 26. mars 2019 kl. 18:39

Dette er ein obs som viser **bilete av skredet**, samt at me får **punkt i kart**. Det er veldig god info. Me kan ofte anta mykje om skredstorleik og skredtype ved å sjå på bilete.




Av: Skredhendelse. Copyright: Jannicke@obskorps

Ulykke / Hendelse

Skadeomfang: Personer omkommet. Aktivitet: Vei. Observasjonstype: Snø.

Skredhendelse

Tid: 26. mars, 12:00. Terreng i løsnemrådet: Brattheng.



Kva er viktigast etter ei skredhending

— Bilete

- Frå bilete kan me gjere oss opp meinig om skredtype, ofte kva svakt lag det har gått på, og storleik
- Helst bilete av **heile skredet**
- Både løsnkant og skredmassar, gjerne nærbilete i tillegg til oversiktsbilete

— Storleik

- Lengde og høgde på brotkant
- Skriv kommentar viss du er usikker.





Korleis?

- Bruk «skredhendelse» i regobs app
- Kjempefint om ein klarar å meine noko om høgde og breidde på skredet
- Bilete (kun av skred, ikkje gjenkjennbare involverte)
- Skriv gjere kva som aktivitet det gjaldt
- Fyll ut andre felt viss de veit noko om dei.
- Ikkje mein noko om årsak.
- **At du legg inn at det har gått skred – og at du sender eit eller annan bilete er det viktigaste**

Telia N 4G 16:28

Skredhendelse

Sett skredposisjon i kart

EKSPOSISJON

STØRRELSE

SKREDTYPE

SKREDUTLØSER

TERRENGTYPE I LØSNEOMRÅDET

SVAKT LAG

BRUDDHØYDE (CM)

BRUDDBREDE (M)

Telia N 4G 16:28

Skredhendelse

SKREDBANENAVN

KOMMENTAR

LEGG TIL BILDER

Legg til bilder

ULYKKE ELLER SKADE

Legg til et bilde

Ta et nytt bilde

Velg fra bibliotek

Avbryt

SKADEOMFANG



- Viss det er mogeleg er det fint om ein seier noko om **aktivitet**
- **Skadeomfang:** Viss personar er skada eller omkomne bør ein ikkje legge inn info om det før det er offentleggjort på annan måte. (send inn observasjon, og logg deg på og legg til info seinare)

Telia N 4G 16:30

Aktivitet

Topptur

Ski offpist

Ski i anlegg

Fjellskitur

Skitur i løype

Klatring

Fottur

Snøskuter

Vei

Avbryt

Telia N 4G 16:30

Skadeomfang

Påvirket ingenting

Leteaksjon igangsatt

Trafikk hindret

Evakuering

Kun materielle skader

Ingen skredtatt, men nære på

Person skredtatt, uten skader

Personer skadet

Personer omkommet

Avbryt

Eit døme på enkel, men tilstrekkeleg observasjon



Bilde 1 av 1

Av: Skredhendelse. **Fotograf:** Norsk Luftambulans / Roger Stenlund **Kommentar:** Ser ut som str 2 skred.

Det hadde vore fint med bilete av heile skredet, evt dette biletet og eit av løysneområdet. Men saman med beskrivelse i tekst gjev dette eit godt inntrykk av skredet

Skredhendelse
Tid: 28. feb., 12:30. **Skredtype:** Tørt flakskred. **Størrelse:** 2 - Små. **Skredutløser:** Ski eller skuter utløst. **Eksposisjon:** . **Løysneområdet:** Fra 1209 moh. **Stoppområdet:** Til 1209 moh. **Bruddhøyde:** 25 cm. **Bruddbredde:** 250 m. **Kommentar:** opplysningar om bruddhøgde frå NLA, observert frå helikopter.

Eit døme på omfattande observasjon frå redningsteneste.

Trollheimen / Sunndalen/ Tunga / SUNNDAL

Antall: 4 snøobservasjoner

Av: Arnfinn@330

RegId: 126095

Observert: 29.04.2017 11:00

Registrert: 29.04.2017 23:59

Oppdatert: 30.04.2017 00:17



Bilde 1 av 1

Av: Skredaktivitet. Fotograf: Arnfinn@330 Copyright: Arnfinn Storli Kommentar: Tunga er toppen til venstre i bildet, Kongskrona blir i bakkant. Skiløpere på tur opp sees til høyre i bildet.

Fritekst

Tekst: Synes denne hendelsen godt beskriver utfordringen med "nedføyket svakt lag med nysnø", som var problemet gitt i skredvarselet. Det er vanskelig å anslå størrelse på skredet fra lufta, men bruddkanten var flere hundre meter bred. Det var ca 20 personer på tur i samme område (ikke i følge), så det kunne fort vært mer folk i samme fjellside når skredet løsnet. Dette er et komplekst tur- terreng, og krever nok noe erfaring for å gås trygt under rådende forhold.

Ulykke / Hendelse

Skadeomfang: Personer skadet. **Aktivitet:** Topptur. **Beskrivelse:** Fem personer tatt, tre personer begravd og gravd frem av turfølget etter kort tid, en skadd. . **Observasjonstype:** Snø. **Lenker:** [NRK Møre](#)

Faretegn

Type: Ferske skred **Kommentar:** Flakskred i enkelte heng mot N og V, samt våte løssnøskred i solvendte sider.

Skredaktivitet

Tid: 30.april, 6-12. **Type:** Tørre flakskred. **Antall, størrelse og skredutløser:** Noen (2-5) , 3 - Middels **Utbredelse:** Noen bratte heng , N,NV , mellom 1400moh - 1200moh **Kommentar:** Kunne se flere naturlig utløste skred i området da vi fløy inn mot skadested.

Dette er ei ganske omfattande registrering. Dess meir info du legg inn dess betre.



Spørsmål og svar - I



- Må eg legge inn med eige namn?
 - Nei, men me oppfordrar likevel til å vise kven ein er og kva tilhøyrigheit ein har. Td: Ola@NRKH. Det du fyller ut under «kallenamn» på profilen din vert synleg på regobs.
- Kva viss det ikkje er mobildekning der me er?
 - Appen kan brukast offline. Når du trykker «send inn» vert data lagra. Gå inn igjen i app når du er i dekning igjen og trykk «send inn usendte observasjonar»
- Er det dumt at mange legger inn info om samme skred?
 - **Nei.** Me klarar å forstå at det er snakk om same skredet. Dess meir info og bilete me får dess betre.
- Kva viss ein ikkje har tid medan ein er i skredområdet?
 - Du kan legge inn info i etterkant. Hugs å sett observasjonstid i app til det tidspunktet du var på stedet, og flytt markør i kartet til rett stad.

Spørsmål og svar - 2

- Korleis legg eg til bilete som eg har teke med kamera?
- På web versjon er det lett å legge til bilete frå PC. Du kan starte ei registrering i app på mobiltelefon og halde fram med den på pc etter den er sendt inn. Eller du kan gjere heile registreringa på PC
- Kvar får eg hjelp?
 - Du finn opplæringsstoff på snøskredskulen: <http://www.varsom.no/snoskredskolen/del-informasjon/>
 - Du kan stille spørsmål om alt på regobs gruppe på facebook: <https://www.facebook.com/groups/798312960242372/?fref=nf>
 - Du kan ta direkte kontakt med Jostein jaas@nve.no

Korleis bruke dei forskjellige felt i regObs?

I regObs kan du både legge inn informasjon og lese andre sine observasjonar. Her ser me på korleis du kan dele det du ser med andre. Det å følge med på fareteikn og snødekke medan ein går på tur er også det beste grunnlaget for å gjere egne vurderingar av skredfare. Klink på bileta for å kome til forklaringar på kva felta skal innehalde.





Spørsmål og svar -3

- Viss eg ikkje får det til og har bilete eg vil dele?
 - Send dei på epost til snoskredvarsling@nve.no og be om hjelp til å få lagt dei og anna info ut på regobs.
- Viss eg har bilete som skredvarslinga kan få sjå, men som eg ikkje vil dele offentleg?
 - Send på epost til snoskredvarsling@nve.no – skriv kommentar om dei ikkje skal offentligjerast. Evt at du vil diskutere bileta med nokon før dei vert lagt ut.
- Eg vil endre observasjonen min, eller legge til meir info i etterkant.
 - Du kan gjere endringar når du er innlogga på regobs – web 48 timar etter registrering. Viss du vil gjere endringar etter det må du ta kontakt med regobs@nve.no